



Arkivnr: 2014/23691-11

Saksbehandlar: Ronny Skaar

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		04.10.2016
Fylkestinget		04.10.2016

#### Nyval til styret for Hordaland Teater

I brev av 24. august frå Hordaland Teater vart Hordaland fylkeskommune orientert om at styreleiar Birthe Eriksen av familiære og arbeidsmessige grunnar ønskjer å trekka seg med omgåande verknad.

Vedtekten for Hordaland Teater har følgjande paragraf om styre:

#### § 3 STYRE

Selskapet har eit styre på 6 medlemer med varamedlemer valde for fire år om gongen. Maksimal funksjonstid for styremedlem er åtte år.

Generalforsamlinga nemner opp:

- 4 styremedlemer – inklusiv leiar– og to varamedlem etter framlegg frå Hordaland Fylkeskommune.
- 1 styremedlem med varamedlem som representant for dei andre eigarane.
- 1 styremedlem med varamedlem som representant for dei fast tilsette ved Hordaland Teater.

Styret kan gjere vedtak når minst 4 av representantane er til stades. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst saka.

Det er varsla ekstraordinær generalforsamling i Hordaland Teater. Som største eigar ønskjer Hordaland fylkeskommune at generalforsamlinga gjer ein meir heilskapleg vurdering av styret, og gjer difor framlegg om eit styremedlem i tillegg til framlegg om styreleiar.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer slikt framlegg om styreleiar for Hordaland Teater:

.....

2. Fylkestinget gjer slikt framlegg om eitt styremedlem for Hordaland Teater:

.....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*